



Status for innføring av Acos websak mai 2022

28 dagar att til me går i drift!

Igjen – takk for engasjementet og arbeidet de legg ned i prosjektet. Me hadde ikkje vore i nærleiken av å vera klar til driftssetjing hadde det ikkje vore for den enorme innsatsen de alle legg ned – KVAR DAG! Og eg er ikkje lenger i tvil om at me kjem i mål, sjølv om det framleis kan koma ein hump eller to på vegen. Så litt status.

Arkiv og basen i Acos websak

Arkivbasen i Acos websak er meir eller mindre heilt klar. Organisasjonsstrukturen, standardmalar, logo, fargar, skrifttype, titlar, mappestruktur er på plass. Me arbeider saman med IT og Acos for få lagt inn alle brukarane med rett tilgang, med mål om at dette er på plass til utgangen av mai. Arkivgruppa arbeider med å laga rutinedokument og dokumentasjon for Voss herad basert på korleis me skal arbeida i Acos websak. Ein del av denne dokumentasjonen er standarddokumentasjon som vert levert av Acos.

I tillegg arbeider arkivet, saman med alle dykk, med å rydda i 360. Fram til driftstart er det svært viktig at alle dokument som me har liggjande på pc, i mailbox osv som ikkje er arkivert vert lagt inn i 360. Alle dokument må ferdigstillast og saker avsluttast. De oppretter nye saker i websak, etter kvart som nye dokument kjem inn der. Alt dette har Kristin sendt ut ein eigen e-post om.

Møte+ og politikarportal

Standard mal for å skrive politiske saker er ferdig og klar for testing. I politikarportalen er alle politikarane registrert, og fått oppretta brukar. Her manglar integrasjon mot bank-id, før me kan teste at denne pålogginga virker. I tillegg må alle politikarane setjast opp mot rett utval og møtene for hausten må registrerast. Det vert gjort etter at me er i drift.

Teknisk og IT

IT arbeider framleis opp mot leverandørar for å få på plass ulike integrasjonar, og automatisering av å opprette brukarar. Mykje av det som må på plass her kan ikkje slutførast før driftssetjing, så planlegging og testing er avgjerande for dette arbeidet. IT har også ei viktig koordinerande rolle mellom ulike leverandørar og i alt av teknisk oppsett mot Acos.

Ros-analyse

ROS-analyse av anskaffinga er nesten ferdig, og me er i gang med å analysere innføringsfasen. Å arbeida med ROS gir ein god innfallsvinkel til prosjektet kva me må arbeida meir med, kva som fungerer godt og kva me må vera obs på. Me ser fleire forbettringspunkt som Voss herad kan læra av, ved gjennomføring av andre prosjekt seinare. Det er ikkje tvil om at eit grundig Ros-arbeid styrker prosjektet og innføringa.



Malar og standardtekstar

Alle standard malar er lagt inn i systemet. Det same gjeld for dei aller fleste standardtekstane. Ein standardtekst er ein ferdig tekst du kan hente fram i systemet, kvar gong du sender ut ein spesiell sort brev. Dette gjer at du slepp å skrive same tekst mange gonger, samt at fleire sakshandsamarar skriv det same brevet på lik måte kvar gong. Eit eksempel på standardtekst er «takk for mottatt søknad/ brev eller svar på tildeling av barnehageplass. eller Det manglar framleis noko for tekniske tenester, men det vil malgruppa arbeide vidare med i denne og neste veke. Det at alle malane og standardtekstane er på plass vil lette arbeidet i drift mykje, i tillegg vil det gjere at me har eit godt grunnlag for å testa systemet før drift. Å arbeida med malar og standardtekstar er eit kontinuerleg arbeid, og er særleg viktig når me skal begynna å sjå på arbeidsprosessane våre. Så for avdelingane som framleis ikkje har dette på plass så er «toget på ingen måte gått». Det generelle som gjeld for alle er på plass, og klart til bruk.

Interact - skjemaløysing

Gruppa som arbeider med skjema har fått ei god innføring, og fleire skjema er ferdigstilt. Etter at innbyggjarservice har hatt opplæring i mottaksmodulen vil skjemagruppa ha ei ny arbeidsøkt. Alle skjema vil ikkje vera klar til driftssetjing, men det er heller ikkje eit mål i seg sjølv. Dei skjema, og den integrasjonen me nyttar i dag, vil me og kunna nytta ut året. Det viktigaste i skjemagruppa er å laga gode skjema for Voss herad.

Acos Eigedom

I dag, tysdag 10. mai skal det vera ein halv dag med innføring i Acos eigedom. Håper denne samlinga vil gje fleire svar enn spørsmål 😊

Delprosjektet i Acos eigedom startar i september og vera klar til drift frå oktober 2022. Det meste er likevel allereie sett opp og dei som skal nytta eigedom skal ha høve til å begynna å trykka frå driftssetjingsdato.

Systemet er klart for test - superbrukarar

Prosjektgruppa har kalla inn til informasjonsmøte for testarane (superbrukarane) onsdag 11. mai. Me går då inn i testperiode av Acos. Testperioden varer frå 11. mai til 30.mai. I denne perioden er det kjempeviktig at alle som er superbrukarar og har fått opplæring er med å testa. Feila me avdekker her, slepp me å ta med oss vidare i drift. Når testperioden er ferdig, skal Voss herad godkjenne leveransen. Dersom me ikkje har testa nok og godt nok, kan dette føre til kritiske feil og at me godkjenner eit system som ikkje leverer godt nok eller det me faktisk har tinga. Det er viktig at me alle **set av tid til å teste systemet**. Acos har utarbeidd testdokumentasjon som me skal nytta, i tillegg er det viktig at me tester å leggje inn reelle (offentlege) saker me har. Me må vera som born, trykkja på alt slik at feil som ikkje er venta kan oppstå – oppstår.



Før drift

Minner igjen om at før me går i produksjon vil heile testbasen (saker og dokumentfiler) verta sletta, slik at det me gjer i testfasen, ikkje vert med oss vidare i drift. Det er difor ikkje noko poeng å forskotera arbeidet som vil koma etter driftsdato.

Sluttbrukaropplæring

23. mai og 25. mai startar sluttbrukaropplæringa. Då skal alle som skal nytta systemet og ha tilgang delta på storsalkurs via teams. Ein skal berre møta på eit kurs, og innkalling er sendt ut til alle. Dersom du ikkje har fått innkalling til dette, men veit du skal nytta websak må du kontakta prosjektleiar. Det er om lag 470 sakshandsamarar og leiarar som skal ha opplæring i løpet av relativt kort tid. Frå måndag 30. mai til 10. juni er det «trykkekurs» for sakshandsamarar og leiarar nesten kvar dag. Her må alle deltakarane ta med eigen pc. På kvart kurs er det 20 deltakarar. 15. juni er det sett opp oppsamlingskurs. Her vil de vera høve for dei som treng ein ekstra repetisjon og få litt hjelp. Det vil også verta sett opp nokre kurs til hausten for nye tilsette, eller for dei som har behov for litt oppfrisking.

Alle kursa har kurshaldar frå Acos.

Etter prosjektperioden er ferdig, og Acos eigedom også er innført vil me halda kurs og opplæring sjølv. I teams har systemansvarleg, Kristin Jordal, oppretta eit nytt team som er ope for alle i Voss herad, **Acos Websak Voss herad**. I dette teamet legg me ut aktuelle brukarretteiingar, kursdokumentasjon og læringsvideoar. De finn teamet ved å søkja på namnet **Acos Websak Voss herad** eller ved å trykkje på lenkja:

<https://teams.microsoft.com/j/team/19%3aFHIDi2ZG1N2PIkDAaF73IP4jGH-J3cK04t2-aleFzos1%40thread.tacv2/conversations?groupId=1ea462e4-6480-43dd-b8e5-2410a9543378&tenantId=e4922a25-b87f-4270-bf4d-14db5608038b>

Lenkje til Acos websak+

<https://websakpluss.voss.acosky.no/>

(de kjem ikkje inn før de er oppretta som brukarar)

Voss 10.05.2022

Eldbjørg Lie Jørgensen

Prosjektleiar